




ODDA KOMMUNE

Kultur og kyrkjedepartementet
Postboks 8030 Dep

0030 OSLO



Dykkar ref. Arkivsakid-doknr: 2002001604-18
Journalpostid: 2006004543

Saksh: Harald Jordal
Telefon: 5365 4023

Arkivkode Dato:
K-L32, K3- 25.04.2006
&13

Ny forskrift om skrivemåten av stadnamn

Eg viser til rundskriv av 21.03 frå dykk.

Odda kommunestyre har delegert vedtakskompetansen etter lova til driftskomiteen. Driftskomiteen hadde rundskrivet som trykt melding i sakskartet sitt til møtet 25.04.06. Komiteen ba leiar for komiteen uttal seg på vegne av komiteen

Uttale frå Odda kommune:

Odda kommune ved driftskomiteen er svært glade for at det no vert gjort tillempingar i staving av stadnamn som opnar for at e-, og vonleg vis også o- endingar i stadnamn som byggjer på bunden form eintal av hokjønn vert lovlege.

I Hardanger (og Voss) har ein i talemålet ei klar og eintydig kløyving av sterke og svake (linne) hokjønn, og der sterke gjev e og svake o.

Sterkt: Ei myr – myre, ei fonn – fonne, ei rust – ruste osv
Svakt: Ei hella / hedla/ – hello/ hedlo/

Hittil har det ikkje vore opning for å reflektera dette over i skrivemåten på stadnamna, men ein har blitt tvinga til å velja mellom a eller i. Det tradisjonelle valet har vore i, då denne forma ligg nærast og er litterært innarbeidd. I Sogn og Telemark – som har naturleg i- mål, fell det naturleg å skriva myri, men ikkje i Hardanger.

Det er heller ingen tvil om at skrivemåten for stadnamn er viktig for språk og kulturkjensla. Det må leggjast vinn på at den i størst mogeleg grad harmonerer med talemålsgrunnlaget, då det heller ikkje er tvil om at den offisielle stavemåten – sjølv om den er avvikande frå det som er den skriftlege regelen i distriktet – "pressar seg på" talemålet over tid *

For vårt område, Hardanger – som i nasjonal kulturbyggingsperspektiv er eit relativt viktig område, og med lova sitt utgangspunkt om at "nedervd lokal uttale" skal leggjast til grunn, er det ikkje lenger sakeleg grunn til å framleis torpedera e- endinga i sterke hokjønnssord gjennom rettskrivingsreglane.

Når det gjeld o- endinga (linne) står det ikkje noko om dette i høyringa.

Det vil ikkje vera unaturleg å opna for ei jamstelling, og sjølv om det er dei sterke som gjev grunnlag for flest stadnamn. I Sunnhordland brukar ein o- ending på både sterke (ei sol – solo) og linne (ei jenta – jento)

I Hardanger er o- en innarbeidd i gamle namn som t.d. Hedlo (kjend turisthytte i Veigdalen), og i elvenamn. Dei fleste store elvane sluttar på o- som Opo (Lofthus og Odda), Tysso (

Politiisk
Telefaks: 53 65 40 51
Opheimsgata 31
5750 ODDA

Org.nr: 964 967 814
Bankgiro: 3658.07.50022
Innbetaling skatt: 7855.05.12288

Telefon: 53 65 40 00
Telefaks: 53 65 40 51
Epost: epost@odda.kommune.no

Tyssedal), Kinso (Kinsarvik) og Eio og Bjoreio i Eidfjord. I tillegg kjem vassdrag som Kvenno og Boro – som skifter namn til Kvenna/ Bora når den passerer fylkesgrensa til Telemark.

I Hardanger har det ikkje vore råd å stoppa den etablerte bruken av o – endingane sjølv om stadnamnkonsulentane ” prøvde seg” ein gong på nittitalet i samband med nytt 1: 50.000 for Odda ved å føreslo at Opo skulle skrivast Opa (slik at Kinso kunne bli Kinsa osv) Meir daufødt framlegg har sjeldan vore servert hardingane.

Driftskomiteen helsar utviklinga si demokratiske retning, og meiner at den opnar for å reflektera det lokale språkgrunnlaget på ein langt betre måte enn før, utan at det bryt med noko rettskrivingsprinsipp.

Denne utviklinga styrker og utdjupar interessa og respekten for stadnamn som sjølvstendige ” kulturdokument”

Ja til e- ending for sterke hokjønnsord i bunden form og ja til o- ending for linne i same posisjon !

Venleg helsing
For Politisk



Gard Folkvord
Leiar av Driftskomiten

**Praktisk døme på korleis skrivemåten påverka den lokale uttalen på stadnamn :*

Stadnamnet Sannve (Sandve) - er eit vin namn som no vert skrive i tilbakeført form som Sandvin. Dette står i skriftleg tradisjon i motsetning til vin-namn som Bleie, Sekse, Espe m.fl, (alle grendelagsnamn i distriktet) som og vert skrivne slik og er såleis innarbeidde former lokalt.

Skriftforma Sandvin vert støtta av (nyare) etternamnstradisjon, slik Bleie, Sekse og Espe vert det.

Den nedervde uttale er *sannve, sannvesvatnet og sannvingar* med trykk framme.

Den arkaiserte skriftforma Sandvin vinn no fram også i talemålet lokalt. Det gjev seg uttrykk i samansette namn som Sannvesvatnet vert til Sandvin(s)vatnet, men enno har ikkje sannvingane blitt til sandvingar, men det kjem nok.